



Notat

Dato: 02.04.2014
Arkivsak: 2014/1323-5
Saksbehandlar: jonvoll

Til:	Medlemma i RNF		
Kopi:	I følgje liste		
Emne:	Referat frå møte i Regionalt næringsforum 2. april 2014	Sak:	2014/1323-5
Møtetid:	Onsdag 2. april. kl 11.30 til 15.30	Møtestad:	Fylkesbygget, Agnes Mowinckels gate 5, Møterom 826, 8. etasje, Bergen

Regionalt næringsforum, - referat frå møte 2. april 2014

Møtet starta med lunsj kl. 11.30.

Sak 09/14 Godkjenning av referat frå møtet 4. februar.

Utkast til referat var lagt ved innkallinga.

Referatet vart godkjent.

Sak 10/14 Klimaplanen for Hordaland 2014 til 2030, og handlingsplan for 2014.

Informasjon om høyringsutkastet til ny klimaplan vart sendt ut tidlegare saman med informasjon om handlingsprogrammet for 2014. På møtet orienterte Gudrun Mathisen frå Klima- og naturressursseksjonen om dei viktigaste endringane i høyringsutkastet til ny klimaplan, samt kva som er dei viktigaste fokusområda i årets handlingsprogram.

Det vart opna for kommentarar:

- NHO: Har ein eiga klimaplan. NHO kan tilby å bidra i arbeidet med å formidle/ distribuere ferdig materiale til deira medlemmer/ bransjeorganisasjonar. NHO ønskjer at HFK held tungt fram som pådrivar og koordinator for gjennomføringa av planen.
- Innovasjon Noreg: Påpeika at det er utfordringar med «grøne» innkjøp i offentlig sektor, men at det må stillast krav i forbindung med innkjøp/ leveransar.
- LO: Har også eiga klimaplan. Kommenterte at det er mykje godt i strategi og tiltak. Viktig å fremje krav til utslepp, ikkje teknologi. Må ikkje snakke ned det vi skal leve av, heller fremje betre resultat på klimautslepp, noko Mathisen er einig i.
- UIB: Klima er eit tredje tema i forskingsstrategien. UIB sine bygg har fått installert fjernvarme, 40.000 m², mange tiltak er ledd i strategien. UiB er i prosess med innføring av miljøfyrtnordninga. Flate tak er eit problem på bygg (nedbør), men som må handterast.
- Fylkesmannen: Det kjem store utfordringar med folkevekst og arealforvaltning, bygg og transport framover, spesielt med arealbruk. Kven tek fatt i dette? Bakkebø meiner at element i FN sin klimarapport bør innarbeidast i klimaplan for Hordaland. Her er den global

- matforsyninga viktig, med jordvern som eit spesialtema. Fremja Berekraftig liv på Landås som eit godt døme på positive tiltak i byregionen.
- Torill Selsvold Nyborg: Politikken er omskifteleg, spesielt innan vindkraft. Nevnte døme frå Los Angeles, der dei har krav om utslepp på skip og tungtransport innanfor havna, der totalrekneskap på utslepp går ned. Det må stillast krav til politikarar.
 - KS: Kommunane er takksamde for klimaplan, ettersom dei manglar kapasitet og kompetanse til god utarbeidning og gjennomføring av tiltak på dette området.
 - El-ferje er eit langt løp som det bør haldast trykk på utviklinga.

Høyringsutkast finns på nett: <http://www.hordaland.no/klimaplan>

Sak 11/14 Mandat og samansetnad av Regionalt næringsforum, - revisjon.

Bård innleia kort om saka.

Utkast til revidert mandat og samansetnad av Regionalt næringsforum vart presentert.

Mette Nora Sætre fortalte om arbeidet i utvalet og presenterte forslaga i notatet.

Arbeidsutvalet har sett på nokre andre fylke og korleis organiseringa der er satt saman.

Vurderte å hente inn meir informasjon, men konkluderte med at dette ikkje var naudsynt.

Vurderte først oppgåvene og deretter samansetning i forumet. Det er behov for at mandatet får ei hovudjustering med ei tettare kopling opp mot regional næringsplan.

Har diskutert samanheng med storleik på forumet, geografi og kven som representerer.

Utvalet la fram forslag om reduksjon at talet deltagarar frå 15 til 13, medan det er foreslått tre aktørar med observatørstatus. Utvalet tilrår at Fiskeridirektoratet og Region Vest ikkje lengre blir fast medlem av forumet.

Kommentarar og innspel:

Det er semje om utvalet sine tilrådingar. Det vart fremja at deltakarane i forumet bør spele inn aktuelle fagpersonar som kan inviterast i forbindning med relevante sakar.

I mandatet bør siste punkt under «oppgåver» endrast til:

Informere om, og diskutere viktige ad-hoc saker som har relevans for næringsutviklinga og sysselsettinga i fylket.

Korrigere tittel under «samansetnad»:

Fylkesdirektør NAV Hordaland

Vedtak: RNF tilrår nytt mandat og samansetnad slik utvalet tilrår og med dei innspela som kom fram i møtet.

Sak 12/14 Forskningsrådet sin regionale policy. (til 14.45)

Atle Markussen orienterte om Forskningsrådet sin Regionale policy, som var vedteken 12. februar 2014. Regionale forskningsfond har fungert godt.

Diskusjon og innspel:

Nordområdesatsing –kvifor har ikkje vi ein eiga Vestlandssatsing innan forsking? -Må drøftast vidare i forumet.

Forskningsrådet arbeider regionalt med (mat, energi, skattefunn). Arrangerte seminar om SkatteFUNN den 1. april, der om lag 100 deltagarar frå Hordaland var tilstade – godt arrangement.

Vurdere tidsavgrensa regionale satsingar for å styrke samspelet mellom FoU og næringsliv (aktuelt for HFK?)

Sak 13/14 Nytt og nyttig (til 15.15).

Medlemmane blir bedt om å melde inn aktuelle saker til leiar.

Saker:

NHO har fått ein førespurnad frå BRB om bidrag til rullering av strategisk næringsplan. Ønskjer ei prinsipiell drøfting av dette i forumet. Innovasjon Noreg er også invitert og foreslo å bidra med å spele inn på rollefordelinga, noko NHO såg på som eit bra innspel. NAV forstår ikkje kvifor vi skal ha BRB, og peiker på at det er manglande ekstern forståing for BRB si eksistens og funksjon. Meiner at forumet bør ha ei formeining om BRB. Innsatsen bør foreinast betre, i staden for at kommunane berre kastar inn pengar i BRB. Bård: Vil ha dette som eit tema på eit seinare møte, med innleiing av HFK og Bergen kommune som største eigalarar.

NAV har fått ny sølvbetjeningsløysing for dagpengar. Har nyleg fått satt ned eit sentralt ekspertutval som skal sjå på strukturen i NAV, organisasjon og fylkesstruktur m.v. Bestillar er statsråden.

Innovasjon Noreg: rekord på tal søknadar til ulike klyngeprogrammer GCE, NCE, stor interesse i Hordaland, nye søknadar/søkjalar dukkar opp, men IN ønskjer å kontaktast før søknadane vert sendt inn.

Horizon 2020:

UiB: Vert beden å få opp aktiviteten. Hentar tilbake om lag 50-60 mill, målsetting om 150 mill. Komplekse søknadsprosesser og rapportering. Vil gjere administrative grep kring søker- og rapportering og oppfølging for forskarar.

Det manglar rådgjevingstenester innan søknad og rapportering av forskingssøknadar til EU-program i Hordaland.

KS: Vei og bane, men og digital infrastruktur vert viktige framover. Skjer mykje ute i kommunane rundt næringsareal.

Fylkesmannen informerte om at embetet er no underlagt KMD, tidligare FAD. Meir tilsyns- og kontrollfunksjonar, i kjølvatnet av fleire oppgåver.

Bergen kommune: Har sendt søknad om status som UNESCO City of Gastronomy, sendt 20 mars. Ønskjer meir merksemd rundt mat og lokal mat, tolv nye byer har søkt i denne omgangen.

Sak 14/14 Neste møte og møteplan for hausten 2014 (til 15.25).

Innspel til utanlandsreise hausten 2014:

Tom spelar inn København som utlandstur, jfr tema kommunesamanslåing. Lære meir av kva effektar dei har hatt kring dette.

Ole: Nord-Italia. Har noko same sosio-økonomisk forhold som oss, god på mat, design, unesco, spanande område.

Selsvold Nyborg: Cardiff, spanande på omstilling frå industri, design, kultur, kunst, mm.

Nina ønskjer meir tid på mulig stad for reise, mt på nytt mandat.

Avsett tidspunkt: Veke 45, 5.-7. november 2014 til utanlandsreise.

Konklusjonen er at det er avsett tidspunkt og at sekretariatet fremjar forslag til tema og stad.

Sak 15/14 Eventuelt

Ingen saker.